



May Torill Øyulvstad
Skjelangervegen 426
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1314 - 18/710

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
12.01.2018

Førebels svar - GBNR 51/134 - Klage på pålegg om tilknytning til kommunalt vassanlegg - Landsvik

Viser til klage på tilknytning til kommunalt vassanlegg.

Du har i samband med klaga levert pristilbod frå røyrleggjarfirmaet Stendal VVS AS. Etter vår vurdering er kostnadsoverslaget i tilbodet høgt samla sett. Vi gjer merksam på at det i klaga frå deg ikkje er kome fram opplysningar som tilseier at tilkoplinga til offentleg vatn for eigedommen krev mykje arbeid på grunn av vanskelege forhold på staden. Det er heller ikkje alt av arbeid og utstyr som er omfatta av tilbodet som er naudsynt for å kunne kople på kommunalt vatn.

Meland kommune skal sjå til at saka blir så godt opplyst som mogeleg før vedtak treffes, jf. forvaltningsloven § 17 første ledd. Vi har på bakgrunn av ovannemnde funne grunn til å innhente pristilbod frå fleire firma. Når dei nye pristilboda ligg føre vil du få mogelegheit til å kome med uttale.

Vi reknar med at klaga blir handsama i neste UDU-møte tysdag 6. mars 2018.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

May Torill Øyulvstad

Skjelangervegen 5917
426

ROSSLAND